



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Skogstad Styrvold, 33372347

Høyringsfråsegn – nytt kunnskapsgrunnlag for fast manøvreringsreglement - Sæbyggjeåi - Gausbu kraftverk - Tokke kommune

Me syner til brev frå NVE datert 14.12.2023, om høyring av nytt kunnskapsgrunnlag vedrørande endeleg manøvreringsreglement i Sæbyggjeåi, Gausbu kraftverk i Tokke komme, Telemark.

Bakgrunn

Skafså kraftverk ANS fekk ved kgl.res. av 9.09.1994 konsesjon til bygging av Gausbu kraftverk, og vart sett i drift i 1996. Konsesjon vart gitt med eit prøvereglement på 5 år for minstevassføringsslepp i Sæbyggjeåi, mellom dam Borsæ og Gausbuvatn. Prøveperioden gjekk ut ved utgangen av 2001. Skafså kraftverk ANS søkte 29.11.2002 om endeleg manøvreringsreglement, og NVE sende si innstilling med anbefalingar om vasslepp til OED 15.02.2007. Sidan den gong har kunnskapsgrunnlaget vorte oppdatert med to rapportar, der det er gjort vurderingar av ulike minstevassføringsslepp i Sæbyggjeåi. NVE er difor bede om å gje ei ny og oppdatert innstilling til OED, og ønskjer no innspel på nytt kunnskapsgrunnlag, samt innspel som kan være viktig i vurderinga av endeleg fastsett minstevassføring i Sæbyggjeåi.

Statsforvaltarens rolle og ansvar

Statsforvaltaren er statens representant i fylket, og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer fra Stortinget og regjeringen følgjast opp. Statsforvaltarens miljøavdeling er sektormyndigheit med forvaltningsoppgåver etter blant anna naturmangfaldlova, forureiningslova, vassressurslova, vassforskrifta og lakse- og innlandsfisklova med forskrifter. Som høyringspart skal me bidra til at nasjonale og regionale føringar blir lagt til grunn i konsesjons- eller revisjonsprosessar.

Statsforvaltarens vurdering

Konsulent meiner at det på bakgrunn av undersøkingane frå 2022, ikkje er vurdert som formålstensleg å auke minstevassføringa nemneverdig i eit kost-nytte-perspektiv mellom kraftproduksjon på den eine sida og fiskebiologiske nytteeffektar på den andre sida.

Produksjon av botndyr og vegetasjon i vassdraget er størst om sommaren, og fisken er avhengig av større leveområde i denne perioden. Redusert sommarvassføring kan føre til ei endring av



plantesamfunnet, der naturleg tilhøyrande vegetasjon vil utkonkurrerast av andre artar som føretrekkjer meir stillestående vatn. Mindre vatn i elva vil også kunne føre til eit redusert næringsgrunnlag for fisken, med eit endra og fattigare botndyrsamfunn. Statsforvaltarens omsyn her er på bestandar og økosystem. Meir vatn i elva gjer betre leveforhold, vassdragsdynamikk og naturlike forhold. Me er difor samde med Tokke kommune om at sommarvassføringa ikkje bør reduserast frå opphavleg nivå. For å sikre at produksjon og leveforhold i elva ikkje ringast vintertid, meiner me til liks med NVE at vassføringa bør vere høgare enn foreslått av konsulent og oppdragsgivar (0,4 m³/s), som er tilnærma kritisk grense.

Konsulent foreslår at vintervassføringa kan køyrast frå 1.oktober til 10.juni grunna stort nok bidrag frå restfeltet. Med ei foreslått vintervassføring på 0,4 m³/s er det då lagt til rette for å sleppe minst mogleg vatn over ein lengst mogleg periode. Me kan ikkje vurdere om tilsiget vil vere stort nok til å dekkje vassbehovet i vassdraget, men påpeikar at dette går langt utover tidlegare føresegner og forslag i saka, og i mindre grad hensyntar livet i elva på ein god måte.

Rapporten opplyser om ei uvisse knytt til i kva grad lokkeflaumar kombinert med kortvarige stans i kraftverket er formålstenleg i forhold til rekruttering og fiskebestand. Me meiner at lokkeflommar ikkje berre må sjåast som eit tiltak for å lokke fisk opp i elva. Dei bidreg også til naturliknande flomhendingar som er viktig for revitalisering av substratet til liks med spyleflaum om våren. Me viser til NVEs tidlegare vurdering og forslag for tidspunkt og mengd, som me er samd med.

Dei fiskebiologiske undersøkingane peikar på fleire habitatforbetrande tiltak som vi meiner kan bidra til betre dynamikk, konektivitet og leveområde i elva. Det bør til dømes vurderast om alle tersklane i elva er formålstenleg forma ut. Uttak av minstevatnet noko høgare i vassøyla meiner me også vil vere eit fornuftig mildnande tiltak for å oppnå eit meir naturleg vasstemperaturregime gjennom året. Me ber difor om at aktuelle tiltak frå rapporten blir vurdert og eventuelt tekne inn som vilkår vidare.

Me minner om at vassdraget er ein del av leveområda for villreinen i Setesdal Austhei, som er eit nasjonalt villreinområde. Det er registrert ein trekkveg ved utløpet til Sæbyggjeåi som bør avklarast med fagkunnig skulle det bli store endringar i vassføringa.

Me viser elles til vår tidlegare uttale av saka i brev av 14.9.2005.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
direktør

Ida Skogstad Styrvold
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent